



NOREGS HØGSTERETT

Den 21. desember 2012 vart det av Høgsteretts ankeurval bestående av dommarane
Matningsdal, Utgård og Tønder i

HR-2012-02401-U, (sak nr. 2012/2058), straffesak, anke over beslutning:

Mediehuset Haugesund Avis

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens vedtak om forbod mot offentleg attgiving av dom i ei straffesak.
- (2) A, [REDACTED] vart ved Gulating lagmannsretts dom 23. november 2012 dømd til fengsel i eitt år, av dette åtte månader på vilkår med ei prøvetid på to år, for brot på straffelova § 192 første ledd bokstav b (post I), og for brot på straffelova § 326 nr. 1 (post V). Han vart også dømt til å betale den krenkte etter post I i tiltalet 90 000 kroner i oppreising og 1 804 kroner i skadebot.
- (3) Lagmannsretten sette ved vedtak under ankeforhandlinga 21. november 2012 til sideslagrettens fellande orskurd for brot på straffelova § 192 første ledd bokstav a, jf. andre ledd bokstav a (post II) og straffelova § 196 første ledd (post III).
- (4) I tingretten var han funnen skuldig også for grovt aktlaust brot etter tiltalen post II, og straffa var der sett til fengsel i 3 år og 6 månader, og slik at eitt år av dette var på vilkår.
- (5) Lagmannsretten vedtok ved domsavseilinga etter kravsmål fra bistandsadvokaten forbod mot offentleg attgiving av heile dommen av omsyn til privativets fred for den krenkte etter tiltalen post I, jf. domstollova § 130 første ledd bokstav a. Tingretten har også vedteke forbod mot offentleg attgiving av heile dommen fra tingretten.
- (6) Mediehuset Haugesund Avis vende seg til lagmannsretten 27. november 2012, og fekk då opplyst at det ikkje blir gitt innsyn i lagmannsrettens dom då denne ikkje kan attgivast offentleg.

- (7) *Mediehuset Haugesund Avis v/ journalist Gaute-Håkon Bleivik* har anka lagmannsrettens vedtak til Høgsterett. Det er i korte trekk gjort gjeldande:
- (8) Det er eit grunnleggjande rettsstatsprinsipp at rettsavgjerder skal vere offentlege. Det skal difor svært sterke grunnar til for å gi grunnlag for forbod mot offentleg attgiving av heile dommen, jf. Rt. 2011 side 824.
- (9) Lagmannsrettens dom, som gjeld tiltale for to tilfeller av valdtekst, bør difor tillatast attgitt offentleg i anonymisert form. Dette blir støttet av at saka både då det vart utferda tiltale og då det vart gitt dom i tingretten, vart omtala av andre media.
- (10) *Den tiltala* støtter anken. Han gjer gjeldande at tidlegare medieomtale har vore ei stor belastning også for han, men at det er viktig at domsresultata i tingretten og lagmannsretten blir gjorde kjende.
- (11) *Bistandsadvokaten for den krenkte etter tiltalen post I* gjer i korte trekk gjeldande:
- (12) Det har vore ein enorm tilleggsbelastning for den krenkte at sakstilhøvet vart omtala, og svært mykje lese, i nettavisar sommaren 2011, og at omtalen har spreidd seg til bloggar og sosiale media der den krenkte til dels har vorte latterleggjort. Dersom dommen blir tillaten omtala i media, vil den krenkte på ny bli utsett for store psykiske påkjenningar. Lagmannsrettens vedtak er difor korrekt. I alle tilfelle bør handlinga og andre tilhøve som gir grunnlag for attkjenning, ikkje kunne givast att offentleg.
- (13) *Høgsteretts ankeutval* viser til at saka gjeld anke over lagmannsrettens vedtak om forbod mot offentleg attgiving teke av lagmannsretten i første instans. Høgsteretts ankeutval har då full kompetanse.
- (14) Det er i domstollova § 124 første ledd fastsett at rettsavgjerder som hovudregel kan givast att offentleg. Det same følgjer av Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 6 nr. 1 og Den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettar (SP) artikkel 14 nr. 1. Føremålet er å sikre offentleg kontroll med, og mogleghet for kritikk av, rettargangen og rettsavgjerder, jf. Rt. 2011 side 824 avsnitt 13.
- (15) Unntak frå hovudregelen om offentleg innsyn er heimla i domstollova § 130 første ledd bokstav a der "hensynet til privatlivets fred ... krever det", jf. og i EMK artikkel 8. Kravet om at rettsavgjerder skal være offentlege, er eit fundamentalt rettsstatsprinsipp. Det må og sjåast i lys av EMK artikkel 10. Det skal difor "meget sterke grunner" til for heilt ut å forby offentleg attgiving, jf. Rt. 2007 side 518 avsnitt 17. I avsnitt 16 i den same avgjerdta uttala Høgsteretts ankeutval:
- "Et forbud mot offentlig gjengivelse av en rettsavgjørelse på grunnlag av hensynet til privatlivets fred må være begrunnet i behovet for å beskytte siktede, fornærmede eller andre involverte mot at opplysninger om personlige eller andre private forhold blir gjort offentlig kjent. Hvorvidt en slik beslutning skal treffes, og hvor omfattende den i tilfelle skal gjøres, beror på en avveining av allmennhetens – herunder pressens – behov for innsyn, og de berørtes interesser i at slike opplysninger ikke blir spredt."
- (16) Lagmannsrettens vedtak er grunngitt i omsynet til privatlivets fred for den krenkte etter tiltalen post I. Omsynet til den krenkte etter tiltalen post II og III inngår såleis ikkje i lagmannsrettens grunngiving, og den tiltala sluttar seg til at lagmannsrettens dom kan attgivast offentleg i anonymisert form. Det er då klart at det ikkje er grunnlag for forbod mot offentleg

attgiving av heile dommen.

- (17) Etter ankeutvalets syn kan heller ikkje handlinga i tiltalen post I, eller tidlegare omtale av dette tilhøvet, gi grunn til at lagmannsrettens behandling av dette fullt ut blir unntekte offentlegheit.
- (18) Tiltalen post I gjeld ei overgrepshandling i eit ungdomsmiljø, og lagmannsrettens dom har etter utvalets syn stor offentleg interesse. Dommen gir klart uttrykk for at den tiltala si handling er ei alvorleg integritetskrenking, som lagmannsrettens strafferettsleg har rekna for å vere valdtekt. Lagmannsretten har vidare utmålt ei lengre fengselsstraff, og tilkjend den krenkte oppreising og skadebot. Ein omtale av saka i pressa på grunnlag av lagmannsrettsdommen vil difor også kunne vere eit korrektiv til kommentarar som tidlegare har spreidd seg i ukontrollerte former på sosiale media.
- (19) Omsynet til allmennta – medrekna pressa – sitt behov for innsyn må difor føre til at lagmannsrettens dom kan attgivast offentleg. Desse omsyna tilseier også at sjølv handlinga må kunne omtalast offentleg. Utvalet peikar på at det både gjennom lovreglar og gjennom etiske reglar for pressa, vil vere styringar for i kva grad opplysningane blir nytta på ein måte som går for langt i å opplyse om strengt personlege tilhøve, jf. Rt. 2007 side 518 avsnitt 18.
- (20) Skildringa av sterkt personlege tilhøve taler likevel i denne saka for at lagmannsrettens dom berre bør kunne attgivast offentleg i anonymisert form. Omsynet til den krenkte etter tiltalen post II og III, som er mindreårig, tilseier det same, jf. Rt. 2011 side 824 avsnitt 15-16.
- (21) Anken fører etter dette fram, slik at offentleg attgiving i anonymisert form blir tillaten.
- (22) Orskurden er samråystes.

S L U T N I N G :

Lagmannsrettens dom kan attgivast offentleg i anonymisert form.

Karl Arne Utgård
(sign.)

Magnus Matningsdal
(sign.)

Bård Tønder
(sign.)

Rett utskrift: Ter Eling Nordstrand

